Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 — Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Elverum

Emne: Beit og brom — Bygdelag: Sørskogbygda

Oppskr. av: Per Kjønsberg — Gard:

(adresse): Sørskogbygda — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sjølv, og dessutan av 5 andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Nils Moe 70 år, Petter Bakken 56 år, Embret Løvhaugen (nå død) 72 år, Helene Framgarden 100 år og Karinus Gundersrud. 75 år. Alle Sørskogbygda.

## SVAR

1. I gamle dagar ɔ: nedtil 1880-90 åra, vart det ofte vårknipe. Ein laut freista berga liv i dyra fram til løypetid. Difor, når alle andre utvegar til for var stengde, „tok dei ris". Det kunne gå for seg berre i mindre mon på bjørk også innagjerdes. Det var bjørkris ein nytta. Selje ville ein ikkje ta, for då øydela ein for rapinga neste hausten, og rogn var det lite av.
Heile rissankinga gjekk nok for seg i småbjørkskogen heime på gjordet eller i hamnehagen.

2. Noka anna nemning for å henta slikt for enn „å ta ris" er ikkje kjent nå. Til å ta heim riset nytta ein skikjelke, som elles vart brukt til ved-draing frå skogen. Ei lita regle om ein mann som tala bakvendt, går att her i grenda: „Je gikk ~~på~~ ris å brøt trjer. Snø'n goL å gøken nådde meg til knes." Dette segjer i grunnen mykje om både tid og arbeidsmåte. Han braut riset. Men det var nå sjeldan folk flest gjorde det. Det var berre om våren, eller

3. at lauvknuppen hadde svella ut, at folk tok ris.

4. Ein nytta mest alltid „løvhakk", som var laga av ein avhoggen gamal ljå. Heile tre vart sjeldan frakta heim, utan til geitene.

1523

Men då let ein berre ~~kvisten~~ sitja på til dei hadde gnagi av alt riset. Til geitene hende det og at dei køyrde heim furekvist, som vart lagt utanfor fjøset. Geitene vart slept ut, og dei gnog av både bar og bork. Lauvhakken var oftast berre ein avhoggen Ljå fest på eit lite einhandsskaft. Sume folk, som kunne smia litt, rette han ut så han vart på lag som ein kniv.

5. Ein gav både kyr og sauer ris. Kyrne likte det godt, men vart lei riset når lauvet byrja spretta og harpiksen la seg om dei små blada. Riset ga ein dyra i små kjervåi,$^{\times}$ mindre enn vanlege lauvkjervar som var tekne om sumaren. Lengste kvistene kunne vera på lag 40 cm. Ein løyste opp kjervane og ga dyra det utan å blanda anna for med.

6. Vanlegvis tok ein ris etter kvart som ein trong. Eit lite lager hadde dei ofte i „Fjøsskjulet."
Kyrne fekk riset på båsen. Geiter og sauer fekk gnaga litt ute, om veret var lagleg.

7. Denne skikken med å ~~g~~ bryta ris på fastande hjarta langfredag ser ut til å vera ukjent.
Elles var det nok sume som braut ris med berre hendene.

Det kunne vera på plass å nemna at sume folk tok blåbærlyng til kyrne om våren så snart det vart bert under granene.
Men i det heile var både ristak og anna slikt naudfortak berre brukt i vårknipa, i seine vårar og når dei vart redde for at det vanlege foret skulle versta for snaut.

$^{\times}$ B. ~~Lauv~~kjerv - kjerven - kjervar - kjervåi
(Vanleg bøyning på dette slags hankynsord)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING